



DEN NORSKE KYRKJA
Fjaler sokneråd

delk 109

Kultur- og kirkedep.	
KI	
Saksnr. <i>200606109</i>	Dato. <i>10/10/06</i>
Kode. <i>KI-501</i>	Beh.....
Dato:	05.10.06

Kultur- og kirke departementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Sakshandsamar: Irene Fløde

Dykkar ref.: Trond Giske

Journalnr.: 84/2006

Saksnr.: 89/2006

Arkivkode: 008.0


Bjergvin: Fjaler sokneråd – eittsoknskommune sitt HØYRINGSSVAR

NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja ligg vedlagt.

Vedtak i sak FS 41/2006 FR den 4.oktober 2006.

Beste helsing


Irene Fløde
Kyrkjeverje



STAT KIRKJE

S

Høyrings svar

frå

Fjaler sokneråd
i
Eittsoknskommune

HØYRING - NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja

HØYRINGSSVAR 4.oktober 2006

Björgvin Fjaler sokneråd - (i eittsoknskommune)

Den norske kyrkja har gjennom ei årrekke fått ei gradvis organisatorisk lausriving frå Staten. Gjennom heile det siste hundreåret har det vore gjennomført reformer, sist med Kyrkjelova av 7.juni. 1996. Fjaler sokneråd støttar eit vidare reformarbeid som på sikt endar med at kyrkja sjølv får utnemne biskopar.

Fjaler sokneråd meiner at ein ikkje må forhaste seg i denne prosessen, men syte for ei meir grundig utgreiing av ulike spørsmål enn det Gjønnesusutvalet har gjort, før endeleg konklusjon vert teken.

Giske legg opp til ei framdrift med ei Stortingsmelding 2007, noko som vi tykkjer er noko forhasta med tanke på alle spørsmål som må utgreiast før ein bryt med ein fleire hundre år lang tradisjon som vart grunnlovsfesta i 1814. Gjønnesusutvalet har brukt nærare tre år på si utgreiing med tilråding, der det er svært mange spørsmål som ikkje er konsekvensutgreidd. Særleg må spørsmåla som gjeld finansiering, organisering og arbeidsgjevaransvar utgreiast nærare. Det same gjeld også Kongen si rolle.

Ein må i framtida også ha ei nasjonalkyrkje som er tilstades over heile landet der dåpen er det einaste kriterium for medlemskap.

Det kan difor i dag, på dette tidspunktet i prosessen, vere særleg vanskeleg å svare kategorisk på spørsmål 2, om ein ønskjer at Den norske kyrkja som statskyrkje skal fortsette eller avviklast.

1. Kva overordna prinsipp bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Den norske kyrkja må stå i ei særstilling – vi må framleis ha ei nasjonalkyrkje som sikrar kyrkjeleg medverknad ved nasjonale jubileum, andre storhendingar og store ulukker.

Prinsippet om trus- og livssynsfridom for alle mennesker må ligge fast. Trus- og livssynssamfunna må ha fridom til å organisere seg og å drive verksemda si i samsvar med sin eigenart, så lenge det ikkje krenkjer andre sine grunnleggjande menneskerettar.

Staten må framleis føre ein aktivt støttande religionspolitikk overfor alle trus- og livssynssamfunna i Norge.

Dette må ha ei forankring i Grunnlova slik at staten sitt ansvar vert grunnlovsfesta.

Soknerådet støtter Stat-kyrkje utvalet sitt fleirtalsframlegg til ordlyd:

”Det paahviler Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at Den norske Kirke og andre Tros- og livssynssamfund gives Adgang til at utøve deres Virksomhed i Henhold til deres Egenart. Nærmere Bestemmelser om Den norske Kirkes Ordning fastsættes ved lov”

Offentleg finansiering er med på å sikre grunnvilkåra for ei vidareutvikling av tru og livssyn.

Staten må også legge til rette for at ulike trus- og livssyn får møtast og utvikle gjensidig forståing.

Den norske kyrkja må utifrå si tusenårige historie, sin store oppslutnad og kyrkja si viktige rolle som kulturberar og integrerte funksjon i samfunnet, likevel stå i ei særstilling. Denne særstillinga må også forankrast i Grunnlova.

Eit samfunn må ha grunnleggjande verdiar å byggje på. Kristendomen og vår kristne kyrkje har formidla desse verdiane i hundrevis av år og dei er framleis beresøyer i vår identitet og tilhøyrligheit. Også det norske lovverket er nær knytt til kristne grunnverdiar som menneskesynet, dei 10 boda og nestekjærleiksbodet.

"Den kristne kulturarven er et fundament for felles identitet i folket vårt, for folks tru og livsoppfatning, for framvekst og vidareutvikling av etiske verdiar i samfunn, familie og arbeidsliv." (Sitat frå Kirke-, utdannings- og forskningskomiteens merknader til ny kyrkjelov av 7.juni 1996)

Dåpen må vere det einaste kriterium for medlemskap. Medlemskapen må ikkje vere avhengig av mennesket sin økonomi eller kvar i landet ein bur.

Som Gjønnestutvalet vil også soknerådet vårt at Den norske kyrkja framleis skal vere ei landsdekkjande kyrkje med brei kontaktflate og rom for ulike grader av trusengasjement og aktivitet blant medlemmane. Soknerådet ønskjer ei folkekyrkje med lav terskel som har plass til alle.

Kyrkja må vere landsdekkande slik at menneske i heile landet får tenester som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd samt gudstenester og nattverd. Alle som ønskjer det må også få grunnleggjande trusopplæring.

2. Den norske kyrkje som statskyrkje?

Bør avviklast- Få endra relasjonar er eit meir dekkjande ord – Framleis nasjonalkyrkje

Den norske kyrkja må sjølv på sikt få tilsetje biskopar. Dette føreset endringar i Grunnlova ettersom utnemningsretten etter Grunnlova § 4 ikkje kan delegerast til eit kyrkjeleg organ. Dette inneber vidare at det statlege kyrkjestyret ikkje lenger kan halde fram, og den mynde som i dag ligg til Kongen (regjeringa) vert overført til kyrkja sine eigne organ.

Den norske kyrkja bør bli eige rettssubjekt som ved sitt øvste valde og styrande organ, Kyrkjemøtet, sjølv fastset Kyrkjeordninga si.

Soknerådet støttar fleirtalet i Gjønnestutvalet som ønskjer ei lovforankra folkekyrkje med ei særlov gitt av Stortinget (kort rammelov). Ei lovforankra folkekyrkje vil ikkje innebere ei full avvikling av statskyrkja. Ved at Den norske kyrkja får eit særskilt lovgrunnlag forankra i Grunnlova vert tilknytninga mellom kyrkja og staten oppretthalden. Det kan difor vere litt misvisande å seie at statskyrkja vert fullt ut avvikla, men snarare at Den norske kyrkja får endra sine relasjonar til staten.

Ein føresetnad for denne endringa er at Den norske kyrkja framleis får ein økonomi som gjer at den kan vere tilstades over heile landet med spreidd busetnad.

Det er viktig at vi ikkje får ei for sterkt sentralstyrt kyrkje på bekostning av dei små lokalkyrkjelydane rundt om i landet. Eit sterkt lokalkyrkjeleg sjølvstyre må vere eitt av dei viktigaste prinsippa for ei framtidig organisering av Den norske kyrkja.

3. I kva lov bør Den norske kyrkja vere forankra?

Eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget.

Lova bør vere ei kortfatta rammelov / kyrkjelov vedteken av Stortinget og som er forankra i grunnlova.

Vi ser det naturleg at Den norske kyrkja i kraft av si historie, utbreiing over heile landet og høge oppslutnad får ei særstilling ved ei kyrkjelov vedteken av Stortinget.

Dette for å sikre at kyrkja er aktivt tilstades i alle lokalsamfunn i heile landet. Den norske kyrkja må bli eit eige rettssubjekt med rettar og plikter. Dessutan må soknet vidareførast som rettssubjekt.

Soknerådet meiner til liks med Gjønnesutvalet sitt fleirtal, at kyrkjelova bør forankrast i Grunnlova. Dette er med å sikre at folkekyrkja vert vidareført.

”Nærmere Bestemmelser om Den norske kirkes Ordning fastsettes ved Lov.”

Vi viser vidare til Gjønnesutvalet sine vurderingar om innhaldet i rammelova.

4. Korleis bør Den norske kyrkja finansierast?

Offentleg finansiering utan medlemsavgift.

Finansieringsordninga må vere slik at Den norske kyrkja kan vidareutvikle seg som ei landsdekkjande folkekyrkje. Det må sikrast ei forsvarleg kyrkjeleg drift også i små lokalsamfunn i landet vårt med spreidd busetnad.

Soknerådet går inn for framleis statleg og kommunal finansiering av Den norske kyrkja, men då med ei endring av finansieringsansvaret mellom staten og kommunen slik at staten får det største ansvaret. Den norske kyrkja har trong for auka ressursar.

Finansieringsordninga bør ha heimel i den nye kyrkjelova.

Staten bør ha ansvar for å finansiere stillingar og aktivitetar som skal dekke funksjonar som gudstenester, kyrkjelege handlingar, dåpsopplæring, diakoni og kyrkjemusikk.

Kommunen bør ha finansieringsansvaret for bygging og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar, men då med unnatak av freda og verneverdige kyrkjer som må vere staten sitt ansvar.

Som ein konsekvens av at Staten framleis må føre ein aktivt støttande religionspolitikk overfor alle trus- og livssynssamfunna i Noreg, må det offentlege ta ansvar for trus- og livssynssamfunna si verksemd. Trus- og livssynsfridomen vert sikra positivt ved at staten gir alle trus- og livssamfunna i Noreg rammevilkår som set dei i stand til å utøve verksemda si. Framleis offentleg finansiering med bakgrunn i at alle trussamfunn vert tilgodesett utifrå likehandsamingsomsyn.

Utan medlemsavgift

Soknerådet vil ikkje støtte innføring av medlemsavgift, men ønskjer vidareføring og om mogeleg utviding av ordninga med skattefrådrag for å stimulere til friviljug gjevarteneste og lokalt engasjement.

Dåpen må vere einaste kriterium for medlemskap, og ikkje om folk har råd til å vere medlem eller ikkje. Innføring av ei slik medlemsavgift vil ramme hardast dei som har dårlegast økonomi, men som kanskje har størst ønskje om å vere medlem.

Ei medlemsavgift vil kunne svekke forståinga av at det offentlege vil føre ein aktiv støttande trus- og livssynspolitik. Det vil også styrkje opplevinga av kyrkja som ei "foreiningskyrkje". Det er mogeleg at det i eit seinare høve kan vurderast å innføre ei livssynsavgift for alle innkravd over skattesetelen med lik reduksjon i skattenivået, men ikkje i denne fasen.

Opplysningsvesenets fond

Verdiane i Opplysningsvesenets fond må overførast til Den norske kyrkja uavhengig av kva relasjon det er mellom staten og Den norske kyrkja i framtida. Dette er det klare historiske og juridiske argument for.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga vert avvikla?

Valordningane bør vere som i dag. (Men med opning for vidareutvikling og forsøk).

Dåpen må framleis vere einaste kriterium for medlemskap. Medlemmer bør ha stemmerett frå 15 år.

Å vere døypt må såleis vere det einaste kravet for å delta aktivt i styringa av Den norske kyrkja. Soknet som er grunneininga i Den norske kyrkja må sikrast naudsynt representasjon i andre organ.

Nominasjons- og valordningane vi har bør vidareutviklast. Ein må halde fram med forsøk der det har vore lagt til rette for auka engasjement og såleis auka valdeltaking.

6. Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, kva bør i så fall stå i §2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom)?

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

"Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Verdigrunnlag." Plassert i § 2.

Verdiparagrafen i grunnlova erstattar paragrafen om statens offentlege religion.

Den kristne arven må vere med i Grunnlova. Dette med bakgrunn i vår tusenårige historie som kristent land, og den verdien dette har hatt for utviklinga både religiøst og kulturelt.

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltinga?

Den lokale kyrkja (sokneråd eller kyrkjeleg fellelråd)

Den norske kyrkja bør framleis ha ansvar for gravferdsforvaltinga, slik dei store folkekyrkjene i alle dei nordiske landa har det. Det er ikkje meir enn 10 år sidan dette spørsmålet var grundig debattert, og tida er enno ikkje inne for ei endring.

Den lokale kyrkja har svært lang tradisjon med gravferdsforvaltinga, og i ei brukarundersøking som vart gjennomført i 2004 viste at majoriteten er nøgd med den forvaltinga fellelråda og sokneråda gjer.

Ordninga bør vere som i dag, der det er opning for at forvaltingsansvaret om ønskeleg kan overførast til kommunen. Jfr Gravferdslova § 23. Dette har hittil skjedd i berre 4 kommunar.

Gravferdsbyråa, som er nøytrale organ, har teke over svært mykje, somme vil påstå for mykje, av dei oppgåvene kyrkja hadde tidlegare med omsyn til kontakt med pårørande i samband med ei gravferd.

Rundt om i det landet er det mange små kommunar der tilsette kyrkjetenarar har kombinasjonsstillingar. Dersom gravferdsforvaltinga vert kommunal og kyrkja missar den delen, vil det verte svært vanskeleg å få tilsett nokon i dei små stillingane som kyrkjetenarstillinga ofte er. Ein stor del av grunnlaget for kyrkjevevjestillinga vil også falle bort. Ei endring vil få enorme konsekvensar for den lokale kyrkja rundt om i landet med spreidd busetnad.

Kyrkjegard kan med fordel erstattast med gravstad.

Ved nyanlegg må det takast omsyn til at det er fleire trus- og livssamfunn slik at ikkje heile gravstaden vert vigsla (forbøn). I små lokalsamfunn med små gravstader og få gravfelt, bør ein vurdere å gå over til vigsling (forbøn) av enkeltgraver.

Som det har vore sidan 1898 bør kommunen framleis ha det økonomiske ansvaret for drift og vedlikehald, areal og bygningar med vidare. Sidan 1997 har kommunen finansiert dette gjennom eit rammetilskot frå kommunen.

Det offentlege må ha ansvar for at det i kvar kommune er verdige livssynsnøytrale sermonirom.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?

Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

Soknet som er grunneininga i kyrkja, bør stå som eigar av kyrkjebygga også i framtida. Ved kyrjelova i 1996 vart soknet eit eige rettssubjekt jfr kyrjelova KL § der eigedomsretten til kyrkjebygga juridisk vart slått fast. Dette som klargjering av tradisjonen gjennom hundrevis av år.

At soknet eig kyrkjebygget har skapt mangt eit sterkt lokalt engasjementet for å halde kyrkjebygget vedlike. Dette ser vi i mange bygdesamfunn. Soknerådet bør også i framtida avgjere bruk og utleige av kyrkja.

Vi er undrande til at det eine svaralternativet er at kommunen skal eige kyrkjebygga, då dette ikkje har vore drøfta i innstillinga, og vel må vere ein reversering av utviklinga. Trass dette meiner vi at kommunen bør ha hovudansvar for å vedlikehalde kyrkjebygga, som er viktige lokale kulturbygg med lang lokal kulturhistorie bak seg. Dette vil også vidareføre det verdfulle samspelet mellom kyrkja og lokalsamfunnet.

Staten bør overta som eigar for særleg verneverdige kyrkjer og bør ha ansvar for vedlikehaldet på alle verna og freda kyrkjebygg. Dette på grunn av at desse bygga er ein stor nasjonal kulturarv.

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:



DEN NORSKE KYRKJA
Fjaler sokneråd

Boks 18, 6961 Dale i Sunnfjord
Tlf. 57736330 Faks 57736631

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd *EITTE SOKNEKOMMUNE*
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå HØYRINGSSVAR

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles *Sjå HØYRINGSSVAR*
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet: SJA HØYRINGSSVAR

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) 7 RØYSTER
 Kommunen 1 RØYST
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare